

*”O Jul med din glede”*  
*- Jul med Gustava Kielland -*



**Ei førjulsoppleving i eit 200-års historisk spenn. Lunt, morosamt, stemningsfullt og utan stress! I Gustava Kielland sine fotspor. Berre på Finnøy!**

**«Vi ønsker deg alle velkommen»**

Gustava Kielland er mest kjent for å ha skrive «O jul med din glede» og for å ha starta den aller første misjonskvinneforeninga i Norge. Som prestefru på Finnøy (1824-1837) sette ho og mannen Gabriel djupe spor etter seg. Eit ope hus og grenselaus omsorg prega ekteparet. Nå kan du møta «Gustava» i tidsrette klede og med opne armar.

**«Vi vet nok hvorhen de skal drage»**

Turen vår startar i Hesby kyrkje, mellomalderkyrkja som ruvar med utsikt mot Boknafjorden. Her blir me med Gustava tilbake til 1800-talet med kvardagsliv og julefeiring. Senk skuldrene og opplev ei blanding av musikk, skodespel og historiefremføring framført på originalt vis.

**«Om stormen den raser og snøen vi ser»**

Uansett vêr og vind blir det eit kort stopp ved prestegarden der Gustava og Gabriel budde, der minnestøtta over presteparet står.

**«Så knytter vi kjærlighets hellige bånd»**

På Utsyn Ungdomssenter er bordet dekket til ein flott, mettande og smakfull julelunsj. Og det er lov å forsyna seg fleire gonger! Inne på Utsyn blir det også julemusikk, julekåseri samt samt ein liten julemarknad med lokale råvarer og produkt. Ein tur rundt juletreet på finnøysk vis er me også klare for.

**«Vi klapper i hendene, vi synger og vi ler»**

«Jul med Gustava Kielland» varer om lag fem timar inkludert mat, opplegg og køyretida på Finnøy. Kjem du? Velkomen til oss i november og desember!



Foto: Kristofer Ryde

Våre turleiingar er klare til å ta dykk med på førjulstur!



Tor Øyvind



Svanhild Silje



Leif Arild

**Ta kontakt for tilbod!**

**Svanhild Eggebø Spanne**

Tlf: 907 73 796 - [svanhild@ryfylkelivsgnist.no](mailto:svanhild@ryfylkelivsgnist.no)

[www.ryfylkelivsgnist.no](http://www.ryfylkelivsgnist.no)